



**Nærøyfjorden
verneområdestyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Fjordsenteret
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 57643129
fmsfpost@fylkesmannen.no
www.fmsf.no
www.nasjonalparkstyre.no/naroyfjorden

Etter liste

Sakshandsamar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2013/3025-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 20.01.2017

Referat frå møte om besøksstrategi i verneområde i Nærøyfjordområdet

Møte om besøksstrategi i Nærøyfjorden vart halde i kommunestyresalen i Aurland kommune.

Deltakarar på møte:

Nærøyfjorden verneområdestyre: Noralv Distad (Aurland), Jan Geir Solheim (Lærdal), Britt Sanden (vara til styret) Olav Turvoll (Vik), Iril Schau Johansen (Hordaland fylkeskommune).

Aurland kommune: Ingunn Skjerdal, Inge Håvard Aarskog

Lærdal kommune: Magnhild Aspevik

Vik kommune: Karen Weichert

Nærøyfjorden verdsarvpark: Hanne Lykkja, Erling Oppheim

SNO: Kristoffer Ullern Hansen

Miljødirektoratet: Gaute Sønstebø

Verneområdeforvaltar Nærøyfjorden: Anbjørg Nornes

Tilhøyrarar på møte:

Maria C. Knagenhjelm, nasjonalparkforvaltar Jostedalsbreen nasjonalpark

Eldrid Nedrelo, nasjonalparkforvaltar Breheimen nasjonalpark

Innleiing til møte

Noralv Distad ynskta velkomen til møtet og innleia møtet om besøksstrategi. Nærøyfjorden verneområdestyre skal laga ein besøksstrategi for verneområda styret har forvaltningsansvar for. Prosessen er starta opp, og styret ynskta å få ei orientering om planar som kan vera relevante for besøksstrategien i verneområda. Besøksstrategien skal vera eit styringsverktøy for betre tilrettelegging for besøkjande og auka lokal verdiskaping i tilknytning til verneområda, samtidig som verneverdiane vert tatt vare på og det vert ein auka forståinga for vernet.

Informasjon om besøksstrategi v/Gaute Sønstebø - Miljødirektoratet

Gaute Sønstebø orienterte om kva ein besøksstrategi er, og kva som er føremålet med arbeidet. Besøksstrategien skal vera ein del av forvaltningsplanen, og skal utdjupe tema besøksforvaltning i verneområde. Planen skal vera eit kortfatta dokument med ein tiltaksplan.

Gjennom besøksforvaltning skal forvaltninga verta god på å handtera auka interesse og bruk av verneområda samtidig som verneverdiane vert tatt vare på. Den nye nasjonale merkevarestrategien gjev lovnad om høg kvalitet og gode opplevingar i verneområda. Det vil sei at me må få betre kunnskap om naturverdiane og kor sårbar naturen er for ferdsel, slik at me med positive tiltak kan legge til rette for og styra bruken av verneområda til område med høg tåleevne. Det er viktig å vera i førekant med planlegginga for å styra utviklinga av besøk



i området. For å få til god planlegging krev det godt samarbeid og gode diskusjonar med både reiselivet, lag og organisasjonar og andre offentlege organ. Verneområdeforvaltninga må arbeida på ein ny måte ved å gå frå å vera rein arealforvaltar til å ta ei aktiv rolle som vertskap. Bodskapen med ny merkevare og kommunikasjonsstrategi er «Velkomen inn i naturen».

Miljødirektoratet har utarbeid rettleiingsmateriale for arbeidet med besøksforvaltning i verneområde.

Sønstebø gav ein kortfatta skildring på kva som skil besøksforvaltningsplan for Vestnorsk Fjordlandskap og besøksstrategien for verneområda i Nærøyfjordområdet;

- Besøksforvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap: Omhandlar besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling i heile verdsarvområdet.
- Besøksstrategi for verneområda i Nærøyfjordområdet: Verneområdestyret sitt konkrete og målretta forvaltningsverktøy.

Prosjektet for verdsarvområdet har brei kunnskapsinnhenting av blant anna attraksjonar og opplevingar i området, brukarundersøkingar og landskapsressursanalysar. Denne kunnskapen kjem til nytte for verneområdestyret sitt arbeid, og gjer arbeidet med besøksstrategi enklare ved at dei kan dra nytte av innhenta kunnskap. Verneområdestyret kan tilføra planen for verdsarvområdet vurdering av sårbarheit knytt til verneverdiane. Miljødirektoratet ser det som positivt at desse to planane går samtidig.

Det vert fortsatt arbeidd med å utvikla ein profil der verdsarvsymbolet inngår i den nye merkevareprofilen. Dette arbeidet er venta avklart denne våren. Miljødirektoratet ynskjer at aktørane i verdsarvområdet og verneområdeforvaltninga set seg ned og ser på informasjon som verkemiddel i besøksstrategien.

Presentasjonen til Sønstebø ligg som vedlegg til referatet.

Informasjon om besøksforvaltningsplan for Vestnorsk Fjordlandskap

Kunnskapsinnhenting har utgjort ein stor del av arbeidet til no. Arbeidet med landskapsressursanalysen og gjesteundersøking er ein viktig del av dette arbeidet. Prosjektet har samarbeid med kommunane i begge delområda, og med verneområdeforvaltninga. I 2017 skal det leggjast fram eit utkast til besøksforvaltningsplan for verdsarvområdet med tilgrensande område.

Nærøyfjorden verdsarvpark arbeider med etablering av verdsarvsenter i Aurland i Nærøyfjorden, tilsvarande verdsarvsenteret i Geiranger. I tillegg er det under planlegging verdsarvhus i grendene i Nærøyfjordområdet. Verdsarvhusa er planlagt etablert i eksisterande grendehus. I Undredal er verdsarvhuset etablert. I verdsarvhusa skal det vera formidling av verdsarven.

Informasjon om planar i Aurland kommune

Villreinplan for Nordfjella villreinområde.
Reguleringsplan for Undredal
Områdereguleringsplan for Flåm



Nærøyfjorden verneområdestyre

Arealdelen i kommuneplan

Temaplanar: Kulturminneplan, sti- og løypeplan, kjerneområde landbruk, kartlegging av toalett i heile kommunen, tilrettelegging av turstien Brekkestien, plan for Fretheimsgrunnane, Næringsplan.

Informasjon om planar i Lærdal kommune

Plan for bruk av SMIL-midlar

Kulturminneplan

Vasskraftprosjekt

Kommuneplan med samfunnsdel

Strategisk næringsplan

Viltplan

Levande lokaler – innfallsportar

Informasjon om planar i Vik kommune

Kommunedelplan, samfunnsdel med satsingsområde, arealdel

Delplanar: Strategisk næringsplan, kulturminneplan, strategisk næringsplan, plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, strategisk plan for reisemålsutvikling, skogsvegplan

Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde

Fagplanar: kjerneområde landbruk, friluftsområde, strandsoneanalyse for Vik kommune, turkart for Vik kommune, reisemål Vik i Sogn 2020 – reisemålsutviklingsprosjekt, aktuelle reguleringsplanar

Tilsendt informasjon om planar i Voss kommune

Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde

Strategisk næringsplan

Kommunedelplan, samfunn og arealdelen

Kulturplan for Voss kommune

Plan for idrett og friluftsliv

Viltet i Voss

Kommunedelplan for kulturminne

Handlingsplan for forvaltning av fiskeressursane

Informasjon frå Hordaland fylkeskommune

Samferdselsutvalet i Hordaland har gitt uttale om at Stalheimskleiva med tilkomstvegar bør vera fylkesveg etter ny tunell mellom Hylland og Haugsvik er bygd.

Kommentar til orienteringsrunden

- Det bør leggjast til rette for at ungdom og næringsetablerarar for moglegheit til å etablera seg i området. Forvaltninga må vera offensive og sjå moglegheitsrommet.
- Nasjonal reiselivsstrategi må leggjast til grunn for satsing på reiselivet.

Innspel til besøksstrategiarbeidet

Noralv Distad leia diskusjonen. Han bad deltakarane koma med synspunkt på prosess og innhald i besøksstrategien.

Synspunkt på prosessen:

- Viktig å ta med dei som er berørt i planprosessen.
- Planen bør vera klar og realistisk.



Nærøyfjorden verneområdestyre

- Viktig å få med næringslivet i prosessen.
- Det bør vera tett dialog mellom kommunane og verneområdeforvaltninga.
- Kontakt med Visit Sognefjord for å få dei med i prosessen.
- Møteaktivitet må samordnast betre for å få best mogleg utbytte og å få større deltaking. Det har vore vanskeleg å få reiselivet til å koma på møte arrangert av forvaltninga. Reiselivet er ei næring med høg aktivitet, og må sjå nytten av deltaking for å vera med på møte. Forvaltninga bør invitera seg med på næringslivet sine møte, når dei likevel har møte.

Innhald i planane:

- Kartleggja kva som finst innafor verneområdet t.d. stiar, friluftsområde. Fleire av kommunane har kartlagt dette, eller er i kartleggingsprosess.
- Det bør koma fram i planen at ulike område har ulike utfordringar.
- Få tilbakemeldingar frå dei besøkjande kva merka stiar dei meiner har høg kvalitet, og kva spekter av tilbod dei meiner det er i området.
- I Nærøyfjorden er det mange tiltak.
- Hovudfokus i tiltaksplan bør vera informasjonssenter.
- Formidling av informasjon til besøkjande, t.d. på cruisebåtar. Brukarvenleg informasjon. Spanande informasjonspakker som folk for lyst å lesa/høyra om.
- Styra besøksstraumen, kvar bør folk gå, kva kan dei oppleva.
- Informasjon på postvegen, informasjon om verneområda.
- Velja ut kva område som skal marknadsførast. Må vera god prosess for å koma fram til utvalde område.
- Verdsarvsenter og verdsarvhus – kva er målet med husa? Kva med verdsarvhus på nett?
- Grendene ynskjer verdsarvhus. Det må avklarast korleis investering og drift av husa skal finansierast. Kan det vera kommersiell drift? Kvar står kassaapparatet?
- Ved offentlig finansiering av verdsarvsenter/hus, bør alle aktørar vera representert. Ved å samlokalisera fleire aktørar kan det verta enklare drift. Verdsarvsenteret i Geiranger er eit forvaltningsknutepunkt der mange ulike aktørar er etablert med kontor og aktivitet i senteret.
- Arbeidet med besøksstrategi er ein prosess, og det er ingen fasitsvar. Miljødirektoratet vil bidra i arbeidet. Besøksstrategi-arbeidet starta opp i nokon av nasjonalparkane som pilotarbeid. Pilotane skal rettleia andre verneområde, og dela sine erfaringar. Nasjonalparkane Jotunheimen og Hallingskarvet er pilotar i nærområdet som det kan vera nytting å henta erfaring frå. Kanskje det kan vera aktuelt med studietur til desse områda?

Helsing

Anbjørg Nornes
Verneområdeforvaltar.

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.



Nærøyfjorden verneområdestyre

Adresseliste:

Nærøyfjorden verneområdestyre
Aurland kommune
Lærdal kommune
Vik kommune
Voss kommune
Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Hordaland Fylkeskommune
Miljødirektoratet
Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap
Nærøyfjorden Verdsarvpark
SNO Aurland

Kopi pr. e-post:
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane